KUNSTPLAN

Rolland skole

BERGEN KOMMUNE



Illustrasjon: Tyark AS

BERGEN
KOMMUNE

INNHALD

1. OPPDRAG OG ORGANISERING SIDE 3

Samandrag
Byggeprosjektet
Kunstutvalet

2. SKULEN OG NÆRMILJØET SIDE 5

Byområdet
Skulen

3. BYGG OG ARKITEKTUR SIDE 9

Arkitektoniske hovudgrep
Ombruk
Bygget og omgjevnaden
Rørsle og romløysing

4. KUNSTEN PÅ ROLLAND SKULE SIDE 13

MÅL FOR KUNSTEN SIDE 13

Identitet
Målgruppe
Fokus for kunsten
Kvalitative krav

LOKALISERING AV KUNSTEN SIDE 15

Allmenning/Amfi
Sentralt uteområde

PLAN OG PROSESS SIDE 19

Framgangsmåte for val av kunstnarar
Premissar for kunstprosjekta
Formidling

5. BUDSJETT SIDE 21

6. FRAMDRIFTSPLAN SIDE 22

7. ILLUSTRASJONAR SIDE 23

OPPDRAG OG ORGANISERING

Rolland skole i Bergen kommune skal få nytt bygg. Gamle Rolland skole frå 1977 vert riven, og grendeskulane Kollåsen og Storåsen og det gamle hovudbygget skal samlast i eit nytt og moderne skulebygg. Nybygget gjer rom for at elevtalet kan aukast til 360 elevplassar totalt, fordelt på trinna 1. til 7. klasse, inkludert ei forsterka avdeling for inntil ti elevar.

Byggeprosjektet omfattar eit nytt undervisningsbygg med høg kvalitet og stort fokus på gode trematerialar, og utomhusareal med pollinatorvenlege plantar og god materialbruk. Nybygget vil få solceller montert på taket. Det er høgt fokus på ombruk av materialar frå det gamle skulebygget.



Ill.: Tyark Arkitektar.

For nybygget er det satt av kr 1.927.570 eks mva til kunst (inkl. adm.). Eit kunstutval er etablert for å ta seg av prosessen med kunstprosjekta. Kunstutvalet ønskjer at kunsten skal harmonere med skulen sine verdiar, atmosfære og særpreg, og kunne inspirere, engasjere og medverke til undring, trivsel og framtidsoptimisme.

Det blir to store underprosjekt; eit tredimensjonalt kunstprosjekt i luftrommet over trappeamfi, allmenningen til skulen, og eit prosjekt på skulen sitt uteområde (nærare plassering vil avgjerast saman med vald kunstnar). Kunstnarane sine arbeidsbudsjett er førebels estimert til kr 800.000 inkl. mva for det første prosjektet og kr 530.000 inkl. mva for det andre prosjektet. Justeringar for korleis midlane vil fordelast mellom dei to oppdraga, kan førekome etter at vi har sett på kva søknader som kjem inn til prekvalifiseringa.

På grunnlag av open prekvalifisering vil kunstutvalet invitere profesjonelle kunstnarar og kunsthandverkarar til lukka konkurranse, eller til direkte oppdrag.

Byggeprosjektet:

Adresse: Åslia 13, Ulset

Byggeperiode: 2025 – 2028

Oppstart: Høst 2025

Venta ferdigstilling: September 2028

Planlagd innflytting: Januar 2029

Byggherre/oppdragsgivar: Bergen kommune

Prosjektleiar frå Etat for utbygging (EFU): Lars Mortensen

Totalentreprenør: Brødrene Ulveseth AS

Arkitekt: Tyark AS

Landskapsarkitekt: Tyark AS

Omfang: Nytt undervisningsbygg, BTA ca 5600 kvm, og utandørs areal, 13491 kvm

Kunstbudsjett (inkludert BKH-avgift og adm.) eks mva: kr 1.927.570

Kunstutvalet:

Helene Førde	biletkunstnar og kurator/kunstkonsulent, leiar for kunstutvalet
Lars Mortensen	prosjektleiar utbygging, EFU, Bergen kommune, byggherrerep.
Kari Pettersen	rådgjevar, Avd. for kunst og kulturutvikling, Bergen kommune
Thomas Tysseland	dagleg leiar for Tyark arkitekter, representant for arkitekt
Monika Antun	rektor for Rolland skule, brukarrepresentant

Kunstutvalet fungerer som jury i dei komande konkurransane. Utvalet vil, ved diskusjonar og synfaringar, etablere ei felles referanseramme som grunnlag for det vidare arbeidet.

SKULEN OG NÆRMILJØET

Området

Rolland skole ligg i Åsane, nord for Bergen sentrum. Åsane vart innlemma i Bergen kommune i 1972. Rolland høyrer til området kalla Midtbygda. I dette området finn vi bustadområde, næringsbygg, fleire kjøpesenter og motorvegen som går gjennom Åsane. Før den storstilte utbygginga som gjekk føre seg i 1970- og 1980-åra og gjorde området til eit viktig bustad-, handels- og transportområde, var Rolland eit jordbrukslandskap. Område som tidlegare var beitemark, jordbruksmark og myr vart gradvis utbygd og nytta til vegar, bustadar, skular, handel, parkar og andre offentlege føremål. Bustadområda er altså relativt nye, men inngår i eit gamalt kulturlandskap som var prega av gardsdrift, ferdselsvegar, skog og myr. Rolland har ein rik historie som kan bidra til å gje inspirasjon for kunstprosjekt.

Kulturlandskapet

Rolland var tidlegare kjend som Rødland, kor namnet kan kome frå røyr eller siv. Rolland/Rødland var eit historisk gardsbruk, som var 'krongods' fram til 1600-talet. Området var prega av gardsdrift og myrlendt landskap. Her låg også den skysstasjonen 'Hesthaugen'. Alt frå tidleg 1900-tal var det planar om å gjere Åsamyrane om til bølgande kornåkrar med hjelp av eit storstilt dreneringsarbeid. Arbeidet starta på 1950-talet, men vart oppgjeve på slutten av 60-talet, blant anna fordi jordkvaliteten ikkje var så bra som forventa. Området vart då frigjeve som jordbruksland. Det vaks samstundes fram industri og anna verksemd, særleg i Salhus-området og kontakten med Bergen vart tettare. I 1970-åra vart det bygd store nye bustadområde, med rekkehus, blokker og burettslag, saman med butikkar, skular og idrettsanlegg. I 1976 vart det utskild tomtar til skulane Storåsen, Rolland og Kollåsen, som fram til i dag har utgjort Rolland skole sine tre avdelingar.

Noko av det gamle kulturlandskapet er framleis bevart. Det gamle gardstunet er eit kulturhistorisk element. I Åslia er våningshus og løe bevart og integrert under bygginga av det arkitektonisk interessante og fargerike Selegrend burettslag. Fleire stadar i Åsane finst det ivaretekne gamle steinbygde konstruksjonar; steingardar, steinløer, bakkemurar og andre anlegg syner korleis lokalt tilgjengelege naturressursar vart nytta som byggemateriale i jordbrukssamfunnet.





Venstre: Første busskur i Åsane, satt opp 1952 på Hesthaugen, Rolland. Høgre: Gardar på Rolland før utbygginga.

Ferdsel

Ein viktig historisk ferdselsveg går gjennom Rolland-området, og faktisk gjennom sjølve skuletomten. "Den Trondhjemske postvei" er ein kulturhistorisk veg med opphav i postruta Bergen-Trondheim oppretta i 1785. Den var utpeikt som den "Sikreste og Bekvemmeste Post Tour", og ruta var 700 km lang. Postfrakta gjekk på hesterygg, i robåt eller til fots.

Då postvesenet vart etablert i 1647 gjekk all post mellom Trondheim og Bergen via Oslo. Det var langsamt og tungvint for Bergen som hadde eit veksande behov for direkte post-gang, noko som var viktig for fiskeria, embetsverk, militære og prestar i distrikta.
Ved kongeleg resolusjon i 1785 vart det vedteke å opprette vekentleg postforbindelse mellom Bergen og Trondheim. Anleggsarbeid starta i 1780 og vara til 1804. Traseen gjekk eit stykke inn frå kysten, over land og fjord. Stadvis i same trasé som dei eldre vegane, men det vart og laga nye vegparsellar etter nye prinsipp om mest mogleg rette vegar. Vegingeniørar føretok utstikking av veglinjene og lokale bønder utførte sjølv bygge-arbeidet. (Stamvegen for biltrafikk følgjer til dels same trasé i dag.)

Postvegen var eit særs viktig bindeledd mellom Bergen og områda lenger nord, eit transportsystem som batt saman garder, bygdesamfunn og handelsstadar.
Postruta vart lagt ned i 1868, då dampskipsruter tok over postgangen.
Delar av postvegen sin trasé er i dag bevart og etablert som kulturminne.



Ein bevart strekning av Den Trondhjemske Postvei gjennom Åsane.

I dag går også 'Jubileumsstien - Bergen på langs' gjennom Rolland. Bergen kommune etablerte stien i 2020 for byen sitt 950-årsjubileum. Stien følgjer i stor grad eksisterande stiar, turvegar og historiske ferdselslinjer gjennom byen. Etappe 6 startar på Rolland og går vidare gjennom sentrale delar av Åsane. På delar av denne strekninga knyt turvegen seg direkte til den gamle postvegen, og historisk og notidig ferdsel møtast.

Helleristinga

Eit særeige kulturhistorisk minne frå Rolland er ei helleristing som vart funnen på ein steinblokk under utbygginga på 1970-talet. Helleristinga er tolka som eit hjortedyr. Den vart funnen på skuletomta under utgraving. Steinen har vore utstilt på gamle Rolland skule, og vil vere med inn i det nye bygget. Hjortebiletet har vore ein viktig del av Rolland skule sin identitet.



Universitetet i Bergen - Godbit fra samlingene

Nyoppdaget helleristning

To helleristningslokaliteter med hjortefigurer ble oppdaget i Hardanger i 1950 og i 1964, henholdsvis på Rykkje og Vangdal i Kvam kommune. Disse har hittil vært de eneste kjente såkalte veideristninger i Hordaland. På vestlandet ellers er felt med hjortefigurer bare kjent fra Ausevik i Flora og Vingen i Bremanger. Veideristningene dateres til yngre steinalder og muligens bronsealder.

En enslig hjortefigur er nå oppdaget på Rolland i Åsane, ca. 8 km nord for Bergen sentrum. Det var karttegner Elvind Sæterstøl som la merke til figuren en dag sommeren 1971, da han oppholdt seg på Rolland skytebane. Helleristningeberget utgjør nemlig en del av selve standplassen for skytterne.

Lokaliteten ligger i sørskråningen opp fra den store Sevdalsmyra i nokså tett furuskog. Mot øst går myra over i Sevdalen som fortsetter inn mellom knauser og lave fjell. Det er et småkupert landskap med furu- og bjørkeskog, men mot sør strekker det seg et sammenhengende skog- og fjellområde helt til Ulriikkenplatået ved Bergen.

Hjorten er hogd inn på vestsida av det flate berget med kroppen vendt nordover. Den er naturalistisk gjengitt til tross for den beskjedne størrelsen (største lengde er 15 cm). Bare konturen av dyret er markert, og det er ingen indre kroppslinjer.

Formmessig skiller dyret seg endel fra andre kjente hjortefigurer, men en kan finne paralleller til de fleste enkelttrekk som den rette ryggen, den vinklete enden med nesten loddrett endeparti, de bøyde frambeina, den løftede halsen og horn med greiner. De fleste hjortefigurene har markert skulder- og bogparti ved at beinas linjer er fortsatt inn i kroppen. Rollandhjorten har låret tydelig tegnet som en trekant, et trekk som minner svært om hjortene på Rykkje og Vangdal og en figur på Vingen (se figur).

Berget er ennå ikke undersøkt i kunstig belysning, og det kan tenkes at det finnes flere figurer her. Like foran hjortens hode en det f. eks. sett flere uklare innhogde linjer som det er vanskelig å tolke. Ved anlegningen av skytebanen ble en stor del av fjellet skutt bort, og det kan tenkes at flere helleristningsfigurer derved er forsvunnet.

Bjørn Myhre.

0 50 cm

0 30 cm

Hjortene fra Rolland i Åsane, Vangdal i Kvam og Vingen i Bremanger.

FORNMINNE MIDT PÅ SKYTEBANA

Fyrste helleristinga i Bergens-området oppdaga i Åsane

Avisartiklar frå oppdaginga av helleristinga.

Natur og fritid

Rolland ligg i eit landskap med tydlege høgdeforskjellar og nærleik til skog og fjell. Rollandsparken ligg sentralt ved bustadområda, nær skulen. Området ved andedammen nyttast flittig til turgåing og andre nærmiljøaktivitetar, og dammen er eit populært samlingspunkt for nabolaget. Nærleiken mellom bustadområde, skule, idrettsanlegg og natur er eit særtrekk ved Rolland, og gjev dei unge kort avstand mellom kvardagsliv, læring og fritid. Bak skulen går fleire stiar opp mot Rollandsfjellet. Her er skogområde med plass for friluftsliv, leik og rekreasjon. Lenger opp opnar terrenget seg mot fjellområda omkring. Stinettet gjer tilgong til større naturområde i Åsane og byfjella i Bergen. Desse stiane og skog- og fjellområda er ein naturleg del av oppveksten til mange barn og unge.

Idretten har ein sterk posisjon i Åsane. Åsane Fotball vart etablert i 1971 og er ein av dei største frivillige organisasjonane i bydelen. Barnefotballen står høgt i kurs på Rolland, med Rolland idrettsplass tett på skule og bustadområde. Rollandshallen ligg som eit naturleg element mellom skule, barnehage og idrettsbane. Turn, handball, allidrett, og andre aktivitetar er viktige tilbod for barn og unge. Idrettslaga er sosiale møteplassar, kor foreldre deltek som trenarar, lagleiarar og frivillige, og bidreg på cupar og dugnadar.

Skulen

Rolland skole er ein viktig del av lokalhistoria. Det tidlegare skuleanlegget kom som eit resultat av den store utbygginga på Rolland. Storåsen grendeskole vart etablert i 1975, Kollåsen grendeskole i 1976 og Rolland skole i 1977. Rett ved bygga ein samstundes Rollandshallen, som ein del av skuleanlegget, og etablerte andre funksjonar knytt til skule og nærmiljø. Rolland skole og Rollandshallen var teikna av Anna og Jostein Molden og var del av ein heilskapleg plan der skule, bustadar, fritidsaktivitetar og offentlege tenester danna eit samla nærmiljø. Rolland skole vart då utvikla etter eit prinsipp om grendaskulen. Mindre einingar skulle skape nærleik mellom elevar, lærarar og nærmiljøet. Denne tankegangen var ein viktig del av skule- og samfunnsplanlegginga på 1970-talet. Framleis nyttar mange nemninga "grendaskulane" når ein omtaler Storåsen og Kollåsen.





Foto syner den gamle Rolland skole, og Rollandshallen (framfor skulen på lite bilete).

Nye Rolland skole representerer ein ny fase i denne historia, der den vidarefører skulen som samlingspunkt for borna og familiane i lokalområdet, både i skuletida og på fritida.
No samlast alle skuleelevane i eit bygg. Før byggestart gjekk 175 elevar frå 4.-7. klassetrinn i hovudbygget, medan dei 137 elevane på 1.-3. klassetrinn fordelte seg på dei to grende-skulane Kollåsen og Storåsen. Nybygget gjer at skulen får utvida kapasitet til 350 elevar, og ein forsterka avdeling for inntil ti elevar. Byggeprosjektet vil gje ein ny og framtidsretta skule på Rolland, der skulen sitt særpreg samstundes vert vidareført. Rolland skole vil fortsette å vere ein skule prega av god atmosfære, tryggleik og høg grad av trivsel.





Nye Rolland skole veks fram, foto frå byggeplassen.

BYGG OG ARKITEKTUR

Nye Rolland skole vert eit skulebygg for trinn 1-7. Det får ein kapasitet på 350 elevar og 10 elevar knytt til forsterka avdeling. Skulen har tidlegare vore lokalisert på tre ulike bygg, og vert no samla i ein felles skulebygning. Det er planlagt for rundt 60 tilsette i ulike rollar. Den nye skulen får to åtskilde bygningsfløyer, ei vestfløy på tre etasjar og ei austfløy på to etasjar, knytt saman med ein bru i 2.etasje. Det er omfattande bruk av tre i alle bygningsdelar, og skulen vil ferdigstillast med treoverflater både innvendig og utvendig. Uteområdet vert samanhengande frå skuleplass i sør til skog i nord.



Ill.: Tyark Arkitektar.

<u>Arkitektoniske hovudgrep</u>

Nybygget skal vere eit skulebygg som tydeleg signaliserer at det er ein læringsarena, og at skulen er viktig. Dette er understreka av bygget sin openheit og solidariske åtkomst. Arkitekturen har fått preg av å vere ein klassisk skulebygning. Det nyttast repetisjon og symmetri. Fasadeutforminga er velproporsjonert og har element av høg kvalitet. Avstandar er symmetriske og rytmen er konstant, ingen urolege avvik i hjørne. Vindauge og dører er like breie, og harmonisk plassert slik at dei underbyggjer linjer i bygget.
Elevane kan vere stolte av skulen, og møte kvardagen med læringsvilje og trivsel.

Skulen får ein base, som gjenspeglar dei klassiske bygardane som alltid har ein solid base, så bygget står på ei trone. Basen fungerer som ein robust overgang mellom bygg og natur, og bygget vil framstå som godt ivaretatt i framtida. Robuste løysingar bidreg positivt til vedlikehald og varigheit. Estetisk oppleving er sikra gjennom god kvalitet og robuste materialar, den estetiske framtoninga vil vare heile levetida til bygget. Skulen vil innvendig også vere prega av kvalitet og lune rom, og gi trivsel og ei god oppleving av heile bygget.

Bygget sin konstruksjon er berande limtre i søyle og dragar system, med avstivande element i limtre og massivtre, og det er såleis ein god representant for ein moderne trebygning. Arkitektfirmaet Tyark AS har inngåande kjennskap til framtidsretta trearkitektur, og bygget vert detaljert på ein måte som vil gjere det til ein god referanse for Bergen kommune sin satsing på trearkitektur. Det er lagt vekt på eksemplarisk bruk av tre som konstruktive element, innvendige overflater og utvendige fasadar. Det vert eksponerte trekonstruksjonar i interiøret.





Foto frå byggeplassen, frå Brødrene Ulveseth.

Det er laga ein kledningsløysing i målt treverk, med skrånande panel, som skjuler tekniske installasjonar og gjev ein tektonisk overflate. Det er nytta vertikale spiler som lagar ei retning på utforming, og som samstundes beskyttar og stivar opp andre element i fasaden. Det er nytta utskjering i trepanel, så lyset slepp gjennom på ein fin måte og skapar variasjon og ei spanande løysing.





Fasadeløysingar.

Ill.: Tyark Arkitekter.

Det vert høg kvalitet i alle delar av anlegget, både på utforming, planting og materialbruk. Nye planter på uteområda skal vere pollinatorvenlege og bær- og frukt-planter. Hovuddel av bygget vil få grønt/biologisk tak, delen som ikkje er grøn skal vere estetisk tiltalande.

Ombruk

Det er omfattande ombruk i byggeprosjektet. Material frå gamalt skuleanlegg gjenbrukast i størst mogleg grad. Det gamle bygget hadde høg kvalitet i arkitekturen, men kunne ikkje rehabiliterast (pga dårleg fundamentering og asbest). Fleire bygningsdelar frå det gamle bygget eignar seg derimot godt til ombruk. Blant anna vert ein repeterande limtre-konstruksjon ombrukt i prosjektet. Desse vil nyttast til møblar, fast innreiing, avstivande kryss eller tilsvarande. Alle lamper og reflektorar er planlagt ombrukt som ljoskjelde eller utsmykking eller anna. Eit motto for prosjektet er "synleggjort ombruk", alt som er ombrukt får ein eins farge, slik at det vert synleg for brukarane kva for slags element som er ombruk.

Andre miljøambisjonar i byggeprosjektet er elektrisk byggeplass, solceller på taket, energibrønnar, god isolasjon, grøne tak, plastfri fallunderlag, naturlege lekeplassar, drenerande overflater med meir. Lav energi- og ressursbruk er eit sentralt mål for skuleanlegget. Bergen kommune har store ambisjonar for det.

Bygget og omgjevnaden

Bygget og utomhusanlegget er ein liten "bydel" som vil syde av liv både dag og kveld. Bruk på dagen og bruk på kvelden vil skiljast på ein god måte. Til dømes vil bruk på kvelden gje oversiktleg og synleg aktivitet på skulen, og ingen mørke krokar.

Vitalt liv på bakkeplan er løyst ved å lage utegolvet litt lågare enn golvet inne. Dette grepet gjer at ingen eig rommet, men ein kan vere ute utan å uroe, og ein kan vere inne utan å vere uroa av aktivitet utanfor. Samstundes er inngangane fordelte utover, på heile skuleplassen, demokratiske inngangar til kvart trinn. I arbeidet med utomhusplanen vert alle partar (som drift, byrådsavdelinga, elevar og lærarar) involverte, slik at dei har påverknad på prosjektet.

Naturen vil spele ein viktig rolle. Naturen skal få vekse tilbake og heilt inn på bygget. Dette vert løyst av den robuste basen bygget har fått. Uteområdet vil lagast slik at naturen ein tek vare på kan vekse inn i skulegarden, og lage ny natur. Naturen vert ein del av leiken. Ønskescenarioet er at ein kjem tilbake om nokre år og opplever at skulen står inne i skogen.

Her bygger ein opp under eit sosialt bærekraftig nabolag. Ein satsar på å tiltrekke og legge til rette for kultur, korpset får sin plass og aktivitetar kan gå for seg på kveldstid og i helger. Universell tilkomst vert ivareteke, og det vil lagast varierte og attraktive areal. Det vil gje eit løft til nærområdet og betre omstenda for rekreasjon for barn og unge, og allmennheita.

Rørsle og romløysing

Bygningen sin logistikk har vore sentral for optimaliseringa av bygget, her har arkitektane søkt å finne ei enkel planløysing med logiske romforløp. Bygget er oversiktleg og godt å bruke, også for brukarar med utfordringar med syn, rørsle, sansar og liknande. Austfløya er ei elevfløy med ordinære undervisningslokale, med tilhøyrande lærarar knytt til trinna. Vestfløya har fellesfunksjonar, som felles læringsareal, musikkrom, samlingsrom, auditorium,

og administrasjon. Rom i denne fløya vil òg kunne vere til utleige og ha plass til aktivitetar på kveldstid, til dømes i regi av kulturskulen. Dei to fløyene er knytt saman med ei bru i 2.etasje, der ein finn bibliotek og kantine. Biblioteket ligg såleis i "hjarta av bygget", og syner at skulen si kjerneverksemd er i fokus.



Planteikningar, Plan 1 og 2. Ill: Tyark Arkitekter.

KUNSTEN PÅ ROLLAND SKOLE

MÅL FOR KUNSTEN

Identitet

Rolland skole har ein tydeleg og positiv identitet. Miljøet på skulen framstår som samla, inkluderande, og med ei god atmosfære. Stikkord vi forbind med skulen og skulen sitt miljø er: trivsel, samhald, nært, trygt og varmt. Den tidlegare tredelte skulen har vore som ein "grendaskule", den har bydd på ein kjensle av bygd og noko som er nært og trygt. Kunstutvalet tenkjer at det vil vere flott om kunstprosjekta for skulen sitt nybygg greier å spegle dette trygge og varme miljøet, og på ein god måte stø oppunder identiteten som finst på Rolland skole.

Rolland-området har ein rik historie, som inkluderar natur, gardbruk, ferdselsvegar, utbygging, arkitektur, idrett og kultur. Dei historiske perspektiva er med på å forme staden og skulen sin identitet, og det er noko kunstutvalet tenkjer at kunstnarane kan vere medveten om, og la seg inspirere av.

Målgruppe

Hovudmålgruppa, som det er viktig for oss at kunstnarane fokuserer på, er elevane, ei ung og aktiv brukargruppe. I tillegg skal kunsten kunne appellere til den utvida målgruppa som består av dei tilsette ved skulen og lokale besøkande. Skulen vil nyttast til arrangement på kvelden og aktivitetar i regi av kulturskulen. Dei nye uteområda kring skulen vil òg vere i aktiv bruk av barn, ungdom og vaksne, gjennom organiserte og 'uorganiserte' aktivitetar, og til mange tider på dagen.
Kunstprosjekta vil vere godt synlege, i den sentrale, mest besøkte delen av bygget, og på uteområdet. Slik sikrar ein at kunsten vert opplevd av flest mogleg.

Fokus for kunsten

Kunstutvalet ønskjer at kunsten skal harmonere med verdiane og atmosfæren til skulen. At kunstnarane har interesse for skulen sin identitet og miljø, og ein arbeidsprosess som kan ivareta dette, vil difor vere positivt.
Sentrale ord som vert nytta for å skildre skulen er: trivsel, nærmiljø, inkludering, tryggleik og toleranse. Denne positive identiteten er det bra om kunsten kan reflektere.

Særs viktig er det sjølvsagt å forhalde seg til arkitekturen i nybygget. Materialbruk og uttrykk for kunsten bør kunne kommunisere godt med arkitekturen, og harmonere med kvalitetane i det arkitektoniske uttrykket. Arkitekturen har tatt utgangspunkt i repetisjon og ro, gode og haldbare kvalitetar, og ein dempa fargepalett. Ombruk og bruk av treverk har vore viktig i prosjektet. Fokuset på ombruk som byggeprosjektet har, kan òg være ein moglegheit for kunstnarar, med mogleg ombruk av materialar frå det gamle bygget.

Det langsiktige ønsket for det visuelle inntrykket av uteområda er 'treverk og skog'. Målet er å oppnå ein høg grad av trivsel.

Medvit om dei historiske aspekta i området, miljøet på skulen, og kvalitetane i interiøret og arkitekturen, er eit godt utgangspunkt og forankring for ein kunstnarleg prosess. Kunstutvalet vil sjå positivt på prosjekt som tek omsyn til dei lokale og historiske perspektiva og som samstundes har fokus på det notidige, aktuelle og framtidsretta.

Kunstuttrykka vi ser etter bør først og fremst fungere på sine eigne premissar, som sjølvstendige ytringar. Dernest bør dei kunne bidra til eit godt visuelt miljø, i samklang med arkitekturen. Utvalet vil leggje vekt på tydeleg og god materialkvalitet for kunsten.

Vi legg ingen avgrensingar for kunstnaren sin fridom og er opne for det uventa. Dei innspela vi kjem med her, er meint til inspirasjon og ettertanke. Utvalet lanserer dermed ikkje ein avgrensa tematikk for kunsten, men vel heller å framheve viktigheita av å kunne kommunisere til målgruppa. Kunsten bør vekke elevane sin nysgjerrigheit, og bidra til undring og open samtale. Vi ser positivt på kunst som er imøtekommande og open, og som kan engasjere, inspirere og tilføre nye dimensjonar i dei unge sin kvardag.

Kunstuttrykket skal kunne møte både dei yngre og dei eldre, oppretthalde relevans over tid, og bidra til meiningsfulle opplevingar og betraktningar over ein lengre tidshorisont. Kunstutvalet ser positivt på kunst som ser framover og utover, slik som den framtidige generasjonen sjølv gjør. Kunsten kan gjerne ta inn i seg noko framtidsretta (med optimisme), eller perspektiv på utvikling, vekst og endring.

Dei to delprosjekta vil ha ulike faktorar som er vesentlege. For det eine prosjektet er det viktig at kunstnaren evnar å arbeide med volum og luftrom i arkitekturen på ein god måte. Det andre oppdraget vil krevje at kunstnaren kan skape eit prosjekt som framstår tydeleg og interessant i eit opent uterom. For ute-oppdraget opnar utvalet opp for eit prosjekt som òg kan vere meir eksperimenterande, og som på ein eller annan måte inviterer til deltaking.

Kunstutvalet ønskjer kunstverk som er laga spesielt for Rolland og difor ikkje har mange like versjonar andre offentlege stadar. Utvalet ser positivt på kunstprosjekt som er lokalt forankra, men som òg ser framover og utover. Kunsten bør vekke målgruppas nysgjerrigheit, og bidra til refleksjon, engasjement og open samtale, og oppretthalde relevans over tid.

<u>Kvalitative krav</u>

Kunstutvalets mål for kunsten på Rolland skule er at den skal vere av høg kvalitet, både når det gjeld utføring og kunstnarisk uttrykk. Det er viktig med ein solid og varig teknisk kvalitet på kunstverka. Permanente verk må vere stabile og robuste, må tole tilfeldig berøring om det ikkje heng utanfor rekkevidde, og vere enkle å vedlikehalde og halde reine. Materiala må vere haldbare og varige, og material og fargar må tole å verte eksponert for direkte naturleg lys og lampelys over tid, utan å endre mykje karakter. Materiala må òg møta dei gjeldande krava for nybygget når det kjem til vektkrav, belastning og brannkrav.

Det er naturleg å etterspørje at kunstnaren har eit medvit i forhold til berekraft og miljø, når det gjeld materialbruk og arbeidsprosess. Vi forventar at produksjon og transport av kunstverka tar omsyn til klima, miljø og etikk. I byggeprosjektet er ombruk viktig, og utvalet vil sjå ekstra nøye på kunstnarar som er interessert i å arbeide med konkret ombruk av materiale.

LOKALISERING AV KUNSTEN

Kunstutvalet ønskjer at kunstverka skal vere plassert i sentrale områder av bygget og uterommet, der det er naturleg at elevar, tilsette og besøkande samlast. Etter synfaring har vi definert nokre soner for plassering av dei to hovudprosjekta.

1 – Allmenning/Amfi

Hovudinngangen til bygget går inn til skulens allmenning/amfi. Dette er eit areal der det er høgt under taket. Her finst det òg veggflater eit verk kan relatere seg til. Eit kunstverk i dette rommet vil ein kunne sjå frå mange ulike vinklar, og på ulike distansar.
Dette er ein lokalisering som gjer eit kunstprosjekt synleg for alle brukarane av bygget. Eit kunstverk her vil kunne vere stemningssettande og aktiverande. Det vil møte dei besøkande som kjem for å ta del i ulike aktivitetar. Allmenningen/amfiet er tilknytt auditorium og musikkrom, rom som vil kunne nyttast til kveldsarrangement og av kulturskolen. Kunsten her blir òg eit sentralt element for elevane sine sosiale samlingssoner, der det er plassert rett ved sida av kantina og biblioteket.

Kunstutvalet ser at det her er potensial for ulike kunstuttrykk, men gjerne noko som gjer bruk av høgda. Vi kan sjå for oss noko tredimensjonalt hengande i luftrommet. Det kan òg vere arbeid montert ut i frå bakvegg. Potensielt ein kombinasjon av desse alternativa.
Her kan fokus på lys vere positivt og viktig; å vere bevisst kor dagslyset fell inn, og korleis det kan verke inn på og spele på lag med materialane og uttrykket til verket. Det kan òg vere mogleg å inkludere element av kunstig lys i kunstprosjektet. Lyselement i verket er ikkje eit krav, men noko som kan ha eit klart potensial. Verket skal vere permanent og ha varige kvalitetar.



Område for kunstprosjekt 1. Utsnitt frå modell, som syner amfiet i bygget, over 1., 2. og 3.etasje. Ill. frå Tyark Arkitekter.



Utsnitt frå modell, som syner amfiet i bygget, sett frå 1.etasje. Ill. frå Tyark Arkitekter.



Område for kunstprosjekt 1: Utsyn frå Plan 1 i retning oppover mot Plan 2. Ill. frå Tyark Arkitekter (KI-generert).



Område for kunstprosjekt 1: Plan 2, ein ser kantina (til høgre) og utsyn ned mot Plan 1 og opp mot plan 3. (Projektor er montert i boks på golv og kjem ikkje i konflikt med kunstverk hengt frå tak.)

Ill. frå Tyark Arkitekter.



Område for kunstprosjekt 1: Plan 2 og 3.

Ill. frå Tyark Arkitekter (KI-generert).

2 – Sentralt uteområde

Kunstutvalet tenkjer at det vil vere bra med eit kunstverk sentralt plassert på det nye uteområdet for skulen. Dette uteområdet vil bli mykje brukt av elevar, og barn og unge i nærmiljøet. Her vil det bli ein arena for samspel, leik, aktivitetar og uorganisert fritid – også utanom skuletida. Området har potensiale til å vere eit positivt møtepunkt for nabolaget. Dette vil vi medverke til, gjennom eit kunstprosjekt som kan integrerast i uteområdet på ein god måte, og vere med på å aktivere det.

Her ser vi moglegheiter for mange ulike typar kunstuttrykk, og ønskjer å behalde det opent på dette punktet i prosessen. Vi er opne for at ein del av (eller heile) kunstprosjektet kan definerast som permanent, men vi er òg opne for prosjekt med aspekt som er meir temporære, eksperimenterande, i utvikling/vekst eller liknande, til dømes element av planting eller dyrking. Kunstutvalet ser gjerne at kunstprosjektet inkluderer ei eller anna form for elevdeltaking, på eit eller fleire punkt i prosessen.

Ettersom vi er opne for meir temporære uttrykk og uttrykk som utviklar seg over tid, vil vi difor òg oppfordre kunstnarar som arbeider med uttrykk som er meint å være meir temporære om å melde si interesse for prosjektet.

For dette oppdraget ser vi etter rett kunstnar som evnar å aktivere eit område, og inkludere elevar i prosessen, med eit overordna omsyn til staden og samanhangen.
Kunstutvalet vil på bakgrunn av prekvalifiseringa sjå etter relevante kunstnarskap og innleie dialog med aktuelle kandidatar.

Plassering i uteområdet er ikkje endeleg definert, det finst fleire gode alternativ.
Kunstutvalet vil saman med vald kunstnar finne fram til ei god plassering for prosjektet.
Periode for gjennomføring av prosjektet vil òg avhenge av kva type prosjekt som vert valt.



Baksida av bygget og uteområdet der. Ill. frå TYARK Arkitekter.



Framstilling av baksida av bygget. Ill. frå Tyark Arkitekter (KI-generert).

Sjå elles teikningar av uteområdet i vedlegg med Illustrasjonar.

Innkjøp

Kunstutvalet er ope for at det kan plasserast kunstverk andre stadar i bygget. Det vil skje gjennom direkte innkjøp. Dette vil vi vurdere etter kvart, med omsyn til resterande midlar. Det er fleire attraktive moglege plasseringar, mellom anna hovudveggen i kantina.

PLAN OG PROSESS

Framgangsmåte for val av kunstnarar

Kunstutvalet vil utlyse ein prekvalifisering; ein open invitasjon til profesjonelle kunstnarar og kunsthandverkarar om å melde si interesse for kunstprosjekta ved Rolland skole. Dette gjer ein for å sikre alle kunstnarar moglegheit til å gjere sitt kunstnarskap kjend for utvalet. Ved ein prekvalifisering ber vi ikkje om konkrete idear eller forslag, men ei kort grunngjeving for motivasjon og interesse, CV, og fotodokumentasjon frå relevante tidlegare prosjekt.

Utlysinga vil annonserast breitt via regionale og nasjonale informasjonskanalar - blant anna i nyhendebrev, sosiale medium, og ved hjelp av digitale nettverk og e-post-invitasjonar. Full utlysingstekst vil ligge på Bergen kommune si nettside.

Innsende søknadar vil gje oss grunnlag for å velje kunstnarar eller kunstnargrupper som vi vil invitere til direkte oppdrag, eller til lukka, honorert skissekonkurranse. Utvalet har rett til å invitere aktuelle kunstnarar til prekvalifiseringa, men ved utveljing av kunstnarar til konkurranse vil utvalet ikkje gje nokre fortrinn til kandidatar som er direkte inviterte.
I ein potensiell situasjon med lukka konkurranse vil 2-3 kunstnarar verte invitert til å konkurrere om oppdraget. Om det ut i frå prekvalifiseringa vert klart at oppdraga kan tildelast som direkte oppdrag, vil lukka konkurranse gå ut.

Premissar for kunstprosjekta

Budsjettramma for kunst på Rolland skole er kr 1.927.570. Frå budsjettet nedanfor, ser vi at kostnaden for sjølve kunstprosjekta inkludert avgift til BKH vil vere på kr 1.330.000 inkl. mva. Resten fordeler seg på administrasjon/prosjektleiing, reise, konkurransekostnadar, formidling og liknande.

I budsjettet har vi teke utganspunkt i at det vert gjennomført lukka skissekonkurranse for eit av dei to oppdraga, med tre kandidatar innbydd. Begge oppdraga kan òg verte tildelt som direkteoppdrag, på bakgrunn av presentasjonane som har kome inn til prekvalifiseringa, om utvalet ser det som ei god løysing.

Alle dei som vert utvalde til konkurranse eller direkte oppdrag, vert inviterte til synfaring før oppstart av arbeidet med skisseforslag. For tilreisande kunstnarar vil reiseutgifter til denne synfaringa dekkast, etter nærare avtale.
Deltaking i konkurranse/parallelloppdrag vert honorert. (Om 3 deltakarar; kr 30 000.) For vinnaren av oppdraget inngår konkurranse-/skissehonoraret i det samla oppdragshonoraret.

For kunstverk som skal vere permanent vil krav til varigheit inngå i avtalen med kunstnar. Kunstutvalet vil saman med kunstnar diskutere kor mange års varigheit det er naturleg å stille krav om, avhengig av kunstuttrykk og materialbruk.

Formidling

Kunstutvalet ønskjer at elevar, tilsette og andre brukarar av fasilitetane skal ha tilgong til informasjon om kunstprosjekta. Difor ønskjer vi, om mogleg, å legge opp til formidling av prosjekta gjennom opningsarrangement med presentasjonar av kunsten og kunstnarane, og utvikling av informasjonsmateriell som vil vere tilgjengeleg for brukarane på skulen. Kunstprosjekta vert dokumenterte av ein profesjonell fotograf, og om midlane strekkjer til så vil vi og potensielt kunne lage ein kort videopresentasjon av kunstverk og kunstnarar.
Andre former for formidling vil òg vurderast, sett opp mot tilgjengelege midlar.

Lokalaviser og andre medium vil inviterast til opninga og få tilsend informasjon om dei nye kunstverka. Kunstverka vert skilta med tittel, årstal og kunstnar.

BUDSJETT

Kunstutvalet har satt opp eit budsjett basert på dei prioriteringane som er gjort i kunstplanen. Justeringar for korleis midlane vert fordelt mellom dei ulike oppdraga, kan førekome etter at vi har sett på kva søknader som kjem inn til prekvalifiseringa. Vi har førebels fordelt midlane mellom to kunstprosjekt som følgjer:

Til kunstprosjekt:			eks mva
Kunstprosjekt 1 Oppdrag/konkurranse			800000
Kunstprosjekt 2 Oppdrag/konkurranse			530000
Totalt til kunstprosjekt/oppdrag:			*1330000*
Innbet. hjelpefond:			
BKH-avgift 5%	5% etter loven	1330000	66500
Konkurranse/reisekostn.:			
Konkurransehonorar (fakturerast av kunstner)	1 konk. m. 3 kunstnarar	30000	60000
Reise, kunstnarar til synfaring	Reise, 3-4 kunstnarar	5000	15000
Reise, kunstnarar til opning/formidling	Reise, 1 kunstnar	5000	5000
Admin.:			
Prosjektleiing/adm.kostn./arb.giv.avg.	Ramme: 15%		289136
Formidling/pres.:			
Dokumentasjon	Fotograf		10000
Skilting	Skilting av verk		2250
Formidling (infoskriv, presentasjon etc.)			6500
Lyssetting (ekstra)			15000
Reserve:			
Reserve/upårekna kostnadar	6,7 %	1927570	128184
Totalt			1927570

Notar:

Midlar til kunstprosjekt 1 og 2 skal dekke kunstnarane sine honorar, og alle deira kostnader til utvikling, produksjon, transport og montering. Dette inkluderer materialutgifter, reiseutgifter og eventuelle utgifter til konsulentar, handverkarar, underleverandørar m.m.

Potensielt attståande midlar frå hovudpostane Prosjektleiing, Formidling, Konkurranse, Reserve, vil, om det vert ein tilstrekkeleg sum, nyttast til direkte innkjøp av egna verk frå aktuell(e) kunstnar(ar), fortrinnsvis frå opphavleg søknadsbunke. Om ikkje dette er mogleg vil det dernest gå til formidlingstiltak, workshop e.l.

FRAMDRIFTSPLAN FOR KUNSTPROSJEKT

– OPPDATERT PR. OKTOBER 2026

Godkjenning kunstplan	Okt./Nov. 2026
Utlysing open prekvalifisering	November 2026
Søknadsfrist open prekvalifisering	Desember 2026
Val av kunstnarar til direkte- og/eller parallelloppdrag	Januar 2027
Synfaring kunstnarar	Januar 2027
Levering forslag eller konkurranseutkast	Mars/April 2027 *
Godkjenning forslag / juryvurdering konkurranse	April 2027
Produksjon av prosjekt	April'27 – Juni'28
Ferdigstilling av større prosjekt (seinast)	Juni/Juli 2028 **
Overtaking av kunstprosjekt, evt. opningsmarkering	Juli/Aug. 2028

* Nøyaktig frist vil vere avhengig av kor tidleg synfaring kan la seg gjera, og settast i samråd med dei valde kunstnarane.

** Monteringsperiode vil avtalast med dei utvalde kunstnarane.

FRAMDRIFTSPLAN FOR BYGGEPROSJEKT

– TENTATIV, OPPDATERT PR. SEPT. 2026

Produksjon	Juni 2025 – September 2027
Produksjon utomhusarbeid	September 2027 – Januar 2028
Byggavslutning/Prøvedrift	September 2027 – Mars 2028
Overtaking	September 2028

FASADETEIKNINGAR



Fasade Sør



Fasade Nord



Fasade Vest



Fasade Aust

FARGEPALETT FOR INTERIØR







Puffer i forskjellige brune farger og størrelser







Elev garderober i kryssfiner
















Formica F8141 Adobe
NCS - S 4030-Y70R
Formica F8238 Blush
NCS - S 3020-Y90R
Formica F7884 China Blue
NCS - S 3020-R90B
Formica F8822 Denim
NCS - S 5030-R90B
Formica F7853 Ocean Grey
NCS - S 3010-G20Y
Formica F8793 Green Slate
NCS - S 6005-G20Y



PLANTEIKNINGAR

BRA 1 etg:
819m² + 1306m²
= **2125m²**
BRA 2 etg:
2375m²
BRA 3 etg:
819m²
Overbygget:
443m²
total: 5762m²

o_BOP1: 6650m²
BRA-86,65%

(%-BRA=90% - max 5985m²)



1.etasje



2.etasje



3.etasje

PLASSERING AV KUNSTPROSJEKT 1 I BYGGET



2.etasje



3.etasje



1.etasje

UTEOMRÅDET



Plassering av kunstprosjekt vil avgjerast i samråd med vald kunstnar.